

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUGDato: 12.11.2018  
Vår ref.: 2016/5483-4  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:18/2469-18/22806

Att. Laila Bjørge

## Kulturminnefagleg fråsegn - gnr 16 bnr 4 - grøfting av jordbruksarealet - Meland kommune

Viser til brev datert 29.10.2018 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, me visar også til vårt fråsegn datert 15.06.2016. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Området som skal grøftas/drenerast ligg mellom Meland gamle kyrkjestad med mellomalderkyrkjegard, Askeladden-id. 156372 og listeførte Meland kyrkje, Askeladden-id. 84933). Det aktuelle arealet har difor potensial for funn av automatisk freda kulturminne.

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til tiltaket, men me ber tiltakshavar om å ta kontakt med arkeolog Sigrun Wølstad ved Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune når gravearbeidet er i gong, og før grøftene er fylt igjen. Me vil då vurdere om det er naudsynt med ei synfaring på staden for å sjekke grøftene for eventuelle funn. Sigrun Wølstad er tilgjengeleg på telefon 96944535 og på e-post [Sigrun.Wolstad@hfk.no](mailto:Sigrun.Wolstad@hfk.no) .

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar av trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks stansast til funnet er vurdert. Slik gransking vil verte gjennomført så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservatorSigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Knut Magne Bjørnstad